



Full konsentrasjon i teiknearbeidet

**I Helgheim har det vore stor aktivitet i dag. I kjellaren var gruppa som arbeidde med Collage ved hjelp av teikning og bilde i aktivitet. Under leiing av dyktige Jorunn Larsen fekk ungdommane kreativ, artig og utviklande lærdom. Det var 9 deltakarar i aldersgruppa 9 - 14 år.**

Ativiteten har vore både inne i Helgheimskjellaren og utandørs i det fine veret. Deltakarane har stort sett arbeid med individuelle produkt, men dei har henta inspirasjon frå kvarandre. I Collagen brukar dei bilde og teikningar som dei set saman. Teikningar og fotografi vert lasta ned på PC, og så vert dei bearbeidd der. Resultatet er blitt mange og spennande produkt.

Desse vert printa ut, og så vert det sett opp ei utstilling i Helgheimskjellaren. Denne vert open for alle i samband med arrangementet Scenen er din i morgon lørdag. Vi anbefaler alle å ta turen innom.



Veslemøy Haugland bearbeider sitt produkt på PC medan ho får gode råd av Jorunn Larsen  
Av: Thor Inge Døssland.